

## Helsetilsyn er også pandemitilsyn

**Det er søsterorganisasjonane våre, Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet, som har drege det tyngste lasset med oppfølginga av influensatrusselen i 2009. Statens helsetilsyn har hatt ei meir tilbaketrekt rolle. Oppgåva vår har vore å følgje med på om folk har fått det tenestetilbodet som dei har krav på.**

Vi har halde oss orienterte om stoda gjennom dei rapportane som fylkesmennene har sendt til sentrale styresmakter, vurderingane frå Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet, rapportar frå internasjonale smittevernorgan og situasjonsbiletet slik det har blitt formidla gjennom media.

Ikkje på noko tidspunkt har vi vurdert stoda slik at tilbodet til folk i Noreg har vore uforsvarleg. Jamt over har kommunane og helseføretaka følgt opp med tiltak, både i samsvar med krav i lovgjevinga, retningsliner frå sentralt hald og eigne smittevernplanar.

Innsatsen hjå tenesteytarane har vore litt ulik, men ikkje slik at vi har hatt behov for å gripe inn. Vi har inntrykk av at den innsatsen som dei fleste kommunane har gjort sidan 2003 med å få på plass smittevern- og pandemiplanar gav dei eit godt utgangspunkt for å ta fatt på utfordringa denne gongen. Det same gjeld føretaka.

Og utfordringa var dramatisk. Då meldingane om eit utbrot av ny influensa A (H1N1) kom i månadsskiftet april/mai 2009 var det stor grunn til uro. Ingen kompetansemiljø i heile verda visste korleis dette kom til å utvikle seg. Uvissa knytt til komande omfang og alvor var så stor at det var rimeleg å leggje til grunn eit alvorleg risikobiletet. Både styresmakter og folk flest tok dette på alvor. No kan vi slappe noko av for denne gongen. Men det er grunn til å merke seg at det kan vere slik at det alvorlege risikobiletet som blei teikna gav oss styrke til å setje i gang med hygienetiltak og vaksinasjon. Ingen kan seie for visst korleis stoda ville ha vore utan desse tiltaka.